



Namn på verksemد: Nynorsk kultursentrum

Om institusjonen

Namn	NYNORSK KULTURSENTRUM
Organisasjonsnummer	976013263
Telefonnummer	70047570
E-post	admin@aasentunet.no
Bankkontonummer	3991.40.21530

Besøksadresse

Adresse	Indrehovdevegen 176
Postnummer	6160
Poststad	HOVDEBYGDA

Postadresse

Adresse	
Postnummer	
Poststad	

Kontaktperson

Fornavn	Ottar
Etternavn	Grepstad
Telefonnummer	70047570
E-post	ottar.grepstad@aasentunet.no

Oppsummering og kontroll

Oppsummering av søknadsbeløp	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads- budsjett
	2017	2017	2018	2019
Kulturdepartementet	19 630	19 630	20 060	22 760
Sum nye tiltak				2 700

Oppsummering av søknad	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads- budsjett
	2017	2017	2018	2019
Totale eigeninntekter	5 883	5 385	8 131	7 100
Ord. offentleg driftstilskot	22 997	22 611	24 714	27 142
Anna offentleg driftstilskot	439	611	990	300
Totale driftsinntekter	29 319	28 607	33 835	34 542
Totale driftskostnader	28 595	27 368	33 270	34 627
Driftsresultat	724	1 239	565	-85
Årsresultat	789	1 328	650	0

31.12.2015 31.12.2016 31.12.2017

Sum eigenkapital	0	4 049	4 426
-------------------------	---	-------	-------

Eg stadfestar at tala er korrekte



Rapport - Økonomisk utvikling

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til likviditet

Også 2017 var prega av god kostnadsstyring. For kvart år lagar vi detaljerte likviditetsbudsjett som både sikrar optimal bruk av likvide midlar og bra finansinntekter. Utviklinga blir kontrollert mot likviditetsbudsjettet annakvar veke gjennom året. I 2017 kunne vi investere over 1,4 millionar av eigne midlar i større prosjekt. Likevel auka dei likvide midlane frå utgangen av 2016 til utgangen av 2017. I neste omgang fører denne økonomistyringa til at vi kan gjennomføre ein del investeringar nr dei trengst, ikkje når vi har råd.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til eigeninntekter

I 2017 som før om åra skaffa vi ei krone sjølv for kvar femte offentlege krone. I åra 2015 – 2017 har eigeninntektene utgjort mellom 22 og 26 prosent, og vi ventar det vil vere slik i åra framover også. Sponsorinntektene auka frå 2016 til 2017, og to av sponsorane våre har vore med like sidan 2000. I 2017 hadde vi tre hovudsponsorar: Sparebank 1 Sør Sunnmøre, Sunnmørsposten og Aker BP.

Vi driv to butikkar og ein kafé, og omsetninga i butikkane har minka dei siste åra.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til kostnader knytt til løn og pensjon

Lønskostnadene utgjorde 51 prosent av alle kostnader i 2017, og det er på dette nivået dei ar vore over lang tid. Alt i 2000 fastsette styret at lønskostnadene skulle utgjere mindre enn 60 prosent. Dei har aldri vore over 53 prosent sjølv om summen inkluderer ein del honorar til utøvarar. Ny stilling som administrasjonssjef frå 2019, den vidare oppbygginga av Vinje-senteret utgjer auken i 2018 og 2019 saman med prosjektstillingar for festivalar.

Nynorsk kultursentrum er medlem i Statens pensjonskasse. I 2017 utgjorde alderspensjon og avtalefesta pensjon 8,25 prosent av løn, som året før. Satsen aukar til 9,70 prosent i 2018.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til eigenkapital

Vi har i mange år ført ein målretta økonomistyring for å kunne bygge opp ein nødvendig eigenkapital. Den frie eigenkapitalen auka frå 3,4 millionar i 2015 til 4,4 millionar i 2017. Frå og med 2018 har styret redusert det samla resultatkravet noko for å frigjere midlar til drift og utvida stab. Vi reknar også med mindre summar til rådvelde for eigne avsetjingar i åra som kjem. Avsetjingar til vedlikehaldsfondet held fram, og i 2019 kan den frie eigenkapitalen kome opp i fem millionar.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til andre sentrale problemstillingar

Vi er à jour med prioriterte oppgåver innanfor vedlikehald. Mindre tiltak blir kostnadsførte over driftsrekneskapen kvart år, medan større prosjekt går til avskriving. Styret vedtok i 2017 ei liste over prioriterte tiltak som kan setjast i verk på kort varsel viss styresmaktene må setje i verk særskilde sysselsettingstiltak eller av andre grunnar løyver midlar til ekstraordinære tiltak. Denne lista blir oppdatert kvart år.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til tiltak for å sikre effektiv ressursutnytting

Å halde kostnader nede har vore eit sentralt grep i økonomistyringa. Nynorsk kultursentrum er ein organisasjon i vekst og er med åra blitt kraftig underadministrert. Oppgåvene har auka, men ikkje den administrative kapasiteten. Direktørstillinga har i ei rekke år utgjort om lag to årsverk. Etter ein grundig og inkluderande intern prosess vedtok difor styret i 2017 rammene for ei omorganisering som inneber at direktørstillinga blir delt i direktør og administrasjonssjef samstundes som vi aukar

ressursbruken til kommunikasjon. Som ein del av dette peika styret på ein del tiltak som skal gjennomførast frå 2018.

Arkivert 10-04-2018 08:14:43 AR25480586

Arkivert 10-04-2018 08:14:43 AR25480586

Økonomi - Eigeninntekter

	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads- budsjett
	2017	2017	2018	2019
Billettinntekter	875	828	1 785	1 400
Honorar				
Inntekter frå butikk	1 615	1 344	1 777	1 600
Inntekter frå kafé	830	673	875	700
Inntekter frå andre varer				
Utleige av lokale	60	54	60	50
Andre tenester	1 233	1 117	1 363	1 200
Sponsorinntekter	314	536	491	450
Gåver	150	135	450	300
Andre	806	698	1 330	1 400
Totalt	5 883	5 385	8 131	7 100

Budsjettpostane «Honorar», «Inntekter frå andre varer» og «Inntekter frå andre tenester» bør spesifiserast her.

Inntekter frå andre tenester er stort sett sal av tenester til framsyningar i Den kulturelle skulesekken. Sponsorinntektene i 2017 kom frå avtalar med Sparebank 1 Søre Sunnmøre, Sunnmørsposten og Aker BP. Avtalen med Aker BP fell bort frå 2018, dei to andre blir ført vidare på same nivå. Rekneskapsførte gåver i 2017 var 150 000 frå Sparebanken Vest og 35 000 frå Sparebankstiftinga Hardanger.

Økonomi - Offentleg tilskot

Ordinært offentleg driftstilskot	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknadsbudsjett
	2017	2017	2018	2019
Kulturdepartementet	19 630	19 630	20 060	22 760
Fylkeskommune/fylkeskommunar	944	997	1 222	1 532
Kommune/kommunar	2 423	1 984	3 432	2 850
Anna				
Totalt	22 997	22 611	24 714	27 142

Spesifisering av anna offentleg ordinært driftstilskot

Hordaland fylkeskommune til drift Hauge-senteret: 779 000 (2017), 791 000 (2018), 850 000 (søkt 2019).

Telemark fylkeskommune til Vinje-senteret: 0 (2017), 200 000 (2018), 600 000 (søkt 2019).

Ulvik herad til drift Hauge-senteret og Ulvik poesifestival: 1 095 000 (2017), 2 300 000 (2018), 1 691 000 (avtalesummar 2019)

Vinje kommune til drift Vinje-senteret: 739 000 (2017), 900 000 (2018), 1 000 000 (søkt 2019). 61 000 av løvvinga frå Vinje kommune blei inntektsført i 2016.

Festivaltilskot:

Møre og Romsdal fylkeskommune til Dei nynorske festspela: 138 000 (2017), 140 000 (2018), 160 000 (søkt 2019).

Hordaland fylkeskommune til Ulvik poesifestival: 80 000 (2017), 81 000 (2018), 83 000 (2019).

Ørsta kommune til Dei nynorske festspela: 75 000 (2017), 75 000 (2018), 80 000 (søkt 2019).

Volda kommune til Dei nynorske festspela: 75 000 (2017), 75 000 (2018), 80 000 (søkt 2019).

Andre offentlege tilskot	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknadsbudsjett
	2017	2017	2018	2019
Kulturdepartementet	239	0	239	
Fylkeskommune/fylkeskommunar		75	125	100
Kommune/kommunar		348	352	
Den kulturelle skolesekken				
Anna	200	188	274	200
Totalt	439	611	990	300

Spesifisering av andre offentlege tilskot

I budsjettsøknaden for 2017 føresette vi at prosjektet «Språkfakta interaktiv» skulle bli ferdig i 2017. Det blir ferdig i 2018, og heile resttilskotet frå Kulturdepartementet på 239 000 blir inntektsført då.

Prosjekttilstskot frå Kulturrådet til eit treårig forskingsprosjekt: 149 000 (2017) og 274 000 (2018), og 50 000 til prosjektarbeid med Diktammeret (2017).

Prosjekttilstskot frå Hordaland fylkeskommune til digitalt prosjekt 50 000 (2017), prosjekt

forfattarheimar 25 000 (2017), 125 000 (2018).

Eingongstilskot frå Vinje kommune til implementering av Vinje-senteret i driftssystema våre: 200 000 (2017).

Prosjekttilskot frå kommunane Skjåk, Lom og Vågå og Oppland fylkeskommune: 148 000 (2017), 352 000 (2018).

Vi har budsjettert med 200 000 i festivaltilskot frå Kulturrådet til Ulvik poesifestival og Litteraturdagane i Vinje i 2019 der grunnlaget for tilskot er samarbeid med det frie feltet.

Totale driftsinntekter	29 319	28 607	33 835	34 542
-------------------------------	--------	--------	--------	--------

Økonomi - Driftskostnader

	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads- budsjett
	2017	2017	2018	2019
Utgifter til butikk	1 206	1 151	1 219	1 100
Utgifter til kafé	328	321	297	310
Andre varer og tenester	2 197	3 208	3 520	4 000
Lønskostnader	13 233	13 220	15 399	16 300
Pensjonskostnader	614	669	865	1 100
Avskrivningar	633	536	667	750
Drift av lokale	1 284	1 137	1 534	1 600
Vedlikehald av lokale/bygg	797	815	876	1 000
Husleigekostnader	246	188	317	350
Andre driftskostnader	8 057	6 123	8 576	8 117
Totale driftsutgifter	28 595	27 368	33 270	34 627
Driftsresultat	724	1 239	565	-85

Økonomi - Finanspostar og ekstraordinære postar

Finanspostar	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads- budsjett
	2017	2017	2018	2019
Finansinntekter	65	89	85	85
Finanskostnader				
Resultat	65	89	85	85
Ekstraordinære postar				
Ekstraordinære inntekter				
Ekstraordinære kostnader				
Resultat		0		
Årsresultat	789	1 328	650	0

Økonomi - Balanse

	31.12.2015	31.12.2016	31.12.2017
Anleggsmidlar			
Immaterielle egedelar		0	
Varige driftsmidlar		3 214	3 681
Finansielle driftsmidlar		0	
Sum anleggsmidlar	0	3 214	3 681
Omlaupsmidlar			
Varer		967	1 140
Krav		1 105	817
Finansielle investeringar		0	
Bankinnskot, kontantar o.l.		3 924	5 279
Sum omlaupsmidlar	0	5 996	7 236
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital		270	270
Opptent eigenkapital		3 779	4 156
Sum eigenkapital	0	4 049	4 426
Gjeld			
Langsiktig gjeld		0	
Kortsiktig gjeld		5 161	6 491
Sum gjeld	0	5 161	6 491
Summering			31.12.2017
Sum egedelar			10 917
Sum eigenkapital og gjeld			10 917

Eg stadfestar at rekneskapen er revidert

Kryss av her viss tiltaket er ei kommunal/ fylkeskommunal eining og ikkje utarbeider eigen balanse.

Kommentarar til rekneskap og balanse. Sjå hjelpetekst.

Drifta i 2017 blei styrt i retning av eit overskot for å kunne setje av ein vesentleg sum til basisutstillinga i Vinje-senteret. Av årsresultatet blei 600 000 sett av til dette føremålet. Vidare sette vi av 200 000 til forprosjekt for lager- og reiskapshus i Aasen-tunet. Vi treng ein slik mindre bygning for å dekke behov som byggherren Statsbygg aldri identifiserte då det nye Ivar Aasen-tunet blei bygt frå 1996. I tillegg blei nye 150 000 sette av til vedlikehaldsfondet, som no er oppe i 600 000. I 2017 vedtok styret retningslinjer for bruk av desse midlane, og det er eit mål at fondet skal ha kome opp i ein million kroner før midlar kan brukast.

I 2017 brukte vi 1 455 000 av eigne midlar til fleire større investeringsprosjekt. Det største var å byggje om Steinhuset frå 1946 til tre faste arbeidsplassar, møterom og fotostudio. Vi bygde også for eigne midlar om leigde lokale i Olav H. Hauge-senteret for å få eit ekstra kontor.

Vi driv ei mangslungen verksemد med høg kvalitet som kjennemerke. God økonomistyring er ein av fleire nødvendige føresetnader for å klare dette. Alle driftsavdelingane gav positive resultat i 2017, men butikkdrifta har utvikla seg negativt dei siste åra, og tiltak blir gjennomførte i 2018 og 2019 for å snu dette.

I budjettsøknaden for 2017 føresette vi at prosjektet «Språkfakta interaktiv» skulle bli ferdig i 2017. Det blir ferdig i 2018, og heile resttilskotet frå Kulturdepartementet på 239 000 blir inntektsført då.

Samla inntekter blei to prosent under budsjett, og samla kostnader blir styrt til fire prosent under. Kostnader til reise og marknadsføring blei såleis reduserte med om lag 400 000 frå budsjett. Butikksalet enda 17 prosent under budsjett, kafésalet 19 prosent under, og begge delar blir følgde opp med særlege tiltak i 2018.

Rapport - Vurdering av måloppnåing

Rapportering av måloppnåing (oversyn)

Namn på mål

Oppbygging av drift Vinje-senteret

Ta over Littetraturdagane i Vinje frå 2018

Styrkje fellesfunksjonen seinast frå 2019

Avklare driftsgrunnlag for Jon Fosse-arkivet

Programplan for deltaking i Frankfurt 2019

Andre krav og føresetnader for statstilskotet i rapporteringsåret

Vinje-senteret

Løyvinga på 1 200 000 til Vinje-senteret i 2017 blei brukt til dette tiltaket.

Vinje-fondet

Løyvinga på 598 784 blei brukt som føresett i tildelingsbrevet. Vi fekk inn søknader om tilskot på til saman 1 470 000 og løyvde midlar til fire prosjekt på til saman 480 000 kr. Ein reknefeil gjorde at 61 000 av tilskotet for 2017 blei disponert i 2016. Kulturdepartementet godkjende ei mindre endring i retningslinjene for fondet.

Allkunne

Løyvinga på 2 622 000 til Vinje-fondet blei brukt som føresett i tildelingsbrevet. Allkunne har frå 1.2.2017 to fulle årsverk, og det viser att i produksjon av nytt stoff og vedlikehald av tidlegare publisert stoff. Ved årsskiftet hadde Allkunne publisert 25 030 artiklar. For første gong fekk Allkunne også private prosjektmidlar, til saman 450 000, frå Fritt Ord og Sparebanken Vest. Av dette blei 150 000 frå Sparebanken Vest inntektsført i 2017. Allkunne heldt fram med ein ekstern redaksjon, og styret oppnemnde nye medlemer frå 2018.

Eventuelle andre kommentarar til årsrapporten

Samla resultat 2000–2017 er svært godt. Vi har hatt nær 396 000 gjester på arrangement og utstillingar og 5 147 000 unike nettstadbrukarar. I alt har altså vel 5,5 millionar nytta tilboda våre. Etter 18 driftsår er dette gjort:

59 867 museumsgjenstandar, bøker, skrifter og audiovisuelle objekt og 109 hyllemeter arkivalia

5476 tilstellingar, av dette 4149 eigne i 175 kommunar i alle fylke

37 temautstillingar er laga og har vore lånte ut 188 gonger til stader i 18 fylke

1974 framsyningar av ti elevprogram i Den kulturelle skulesekken for 66 315 elevar og lærarar

475 357 nedlastingar og avspelingar frå Tunkatten.no

433 talar og foredrag, 260 artiklar og 33 bøker og småskrifter

Rapportering av måloppnåing

Hovedmål

Tittel/omtale av mål

Oppbygging av drift Vinje-senteret

Omtale av venta resultat i høve til målet

Målet er å opne Vinje-senteret med eit komplett tilbod våren 2020. Dei første arrangementa i regi av Vinje-senteret gjennomførte vi alt i 2016, og vi trappar opp verksemda med jamt nye tilbod i åra som kjem.

Stillinga som dagleg leiar ved Vinje-senteret blir lyst ut i mars 2017, i 2018 vil vi gjere tilsetjingar i to nye stillingar, og i 2019 tilset vi vonleg i den siste faste stillinga. Her følgjer vi regien frå oppbygginga av Hauge-senteret, som vi meiner er blitt eit svært vellykka tiltak. Vi har vist kva vi kunne få til i Ulvik med sine 1200 innbyggjarar. No skal vi vise kva som er mogleg i Vinje kommune med 3700 innbyggjarar.

I 2016 gjorde vi ein samarbeidsavtale 2017-2020 med Vest-Telemark museum, og vinteren 2017 gjorde vi ein overtakings- og driftsavtale med Vinje kommune. Dermed ligg alt til rette for at vi tek over forvaltninga av det freda kulturminnet Vinjestoga frå 2018. Ein god dialog er også etablert med Telemark fylkeskommune og nasjonale aktørar.

Slik sikrar vi at det solide lokale fundamentet blir bygt ut vidare ti nasjonalt nivå

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

Vi nådde delvis målet. I 2017 fekk vi det vi søkte om av driftsmidlar frå Kulturdepartementet og Vinje kommune, men ikkje noko frå Telemark fylkeskommune. Dette sette oss i stand til å tilsetje dagleg leiar for avdelinga, som tok til i januar 2018.

Viktige grunnlagsdokument er samarbeidsavtale med Vest-Telemark Museum og overtakingsavtale med Vinje kommune. Avtalen me Vinje kommune inneber at Nynorsk kultursentrum frå og med 2018 forvaltar Vinjestoga, som er i kommunal eige.

For første gong kjøpte vi ei samling. Idar Handagard-samlinga har vore på private hender like frå tidleg på 1900-talet og inneheld mykje og verdfullt litteraturhistorisk materiale. På grunn av tidlegare erfaringar ønskete ikkje seljaren å tilby noko meir til Nasjonalbiblioteket. Digitale kopiar av fleire originale Vinje-brev vil bli stilte til rådvelde.

Rapportering av måloppnåing

Hovedmål

Tittel/omtale av mål

Ta over Littetraturdagane i Vinje frå 2018

Omtale av venta resultat i høve til målet

Medlemslaget Litteraturdagane i Vinje har vedteke å be om forhandlingar med oss om å gjere Litteraturdagane i Vinje til ein del av Vinje-senteret, slik Ulvik poesifestival er ein del av verksemda til Hauge-senteret. Ei slik løysing vil styrkje både festival og senter; det er den eintydige erfaringa frå Hauge-senteret.

Forhandlingane tek til våren 2017, og vi reknar med at ein avtale kan presenterast i august 2017. Det inneber at vi frå 2018 har ansvaret for tre språk- og litteraturfestivalar som alle er godt innarbeidde. Styret vedtok i desember 2016 ein ny langtidsplan for festivalar som tek høgd for ei slik utvikling.

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

Vi nådde målet. Etter initiativ frå medlemslaget Litteraturdagane i Vinje signerte vi 19.6.2017 ein avtale med medlemslaget som inneber at Nynorsk kultursentrums tek over festivalen frå 1.1.2018. Vi har kjøpt nødvendige domene og utviklar ein nettstad for festivalen frå 2018; det har denne festivalen ikkje hatt før. Styret oppnemnde også eit programråd for festivalen på grunnlag av mellom anna avtalefesta nominasjon frå medlemslaget. Den eigenkapitalen medlemslaget har, forvaltar laget sjølv vidare.

Rapportering av måloppnåing

Hovedmål

Tittel/omtale av mål

Styrke fellesfunksjonen seinast frå 2019

Omtale av venta resultat i høve til målet

Nynorsk kultursentrum held eit svært høgt aktivitetsnivå og stod i 2016 for 507 eigne arrangement og utstillingar - med berre vel 20 årsverk til rådvelde. Den ekspansjonen som er dokumentert og kommentert ovanfor i økonomirapporten, er gjennomført med same administrative kapasitet som for fem år sidan, og med same kapasitet innanfor kommunikasjon, marknadsføring og digital publisering. I dette ligg at direktøren fyller to fulle roller - direktør og administrasjonssjef. Styret vedtok i desember 2016 at ei stilling som administrasjonssjef må på plass seinast frå 2019 for å sikre forsvarleg arbeidsmengd for alle, samordne arbeidet med inntektsskapande tiltak endå betre og utvikle personalfunksjonen vidare i ein institusjon i vekst. Det neste steget vil vere å etablere ei kommunikasjonsavdeling innan 2020.

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

Vi nådde målet i den forstand at alle formelle sider er avklara og prinsippvedtaka gjorde. Vi fullførte i 2017 den prosessen som var i gang frå 2016 med å leggje grunnlaget for ein styrkt fellesfunksjon seinast frå 2019, jf. kommentar ovanfor om effektiv resursbruk Etter dette har direktøren sagt opp stillinga med verknad frå 1.11.2018. Det aktualiserer behovet ytterlegare.

Rapportering av måloppnåing

Hovedmål

Tittel/omtale av mål

Avklare driftsgrunnlag for Jon Fosse-arkivet

Omtale av venta resultat i høve til målet

Med støtte frå Kulturrådet og i samarbeid med fleire kulturinstitusjonar la vi i 2008 fram ein omfattande forprosjektrapport om Jon Fosse-arkivet. Dette arkivet er deponert av forfattaren i Aasentunet. Vi har enno ikkje funne den høvelege staden for arkivet, knytt til aktiv formidling, heller ikkje den beste driftsmodellen. Dette vil vi avklare innan utgangen av 2018, mellom anna i samråd med Kulturrådet og Kulturdepartementet.

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

Vi nådde ikkje dette målet. Vi hadde ikkje tid og resursar nok til å følgje opp saka, men etablerer i 2018 kontakt me relevante miljø som Nasjonalbiblioteket.

Rapportering av måloppnåing

Hovedmål

Tittel/omtale av mål

Programplan for deltaking i Frankfurt 2019

Omtale av venta resultat i høve til målet

Vi har etablert kontakt med NORLA iom samarbeid fram mot markeringa av Noreg som hovudland ved Frankfurter Buchmesse i 2019. Vår rolle vil vere tiltak som dokumenterer og formidlar den språkdelte norske kulturen, og vi har planlagt ei bok for utgiving hausten 2019 i samarbeid med Samlaget. Dette 2019-tiltaket er eit av fleire større og internasjonale prosjekt i tida 2015-2020.

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

Dette tiltaket la vi bort av fleire grunnar. Vi greidde ikkje å finansiere arbeidet, det ville ta for mykje tid frå andre oppgåver å gjennomføre det innanfor ordinært budsjett, og den sentrale prosjektorganisasjonen for Noreg som hovudland i 2019 følgde ikkje opp det initiativet vi tok.

Arkivert 10-04-2018 08:14:43 AR25480586

Søknad - Mål og prioriteringar

Måla for verksemda i søknadsåret (oversyn)

Målnummer	Tittel/omtale
1	Anna: Ny direktør tek til
2	Forvalting: Jon Fosse-arkivet
3	Forvalting: Sonestyrt klimaanlegg i Olav H. Hauge-senteret
4	Formidling: Langtidsplan for musea som reisemål 2019-2022

Strategiar og langsiktige planar for dei neste tre åra

Hovudpunkt frå «Visjon og strategi 2018-2021», vedteke i styret i juni 2017:

1 Nynorsk kultursentrums er ei kunnskapsbedrift og ein lærande organisasjon med sterkt vilje til fellesskap, systematisk resultatvurdering og svært utoverretta arbeid. Alle større prosjekt er gjennomførte innanfor budsjett, og institusjonen er utan langsiktig gjeld.

2 Føremålsparagrafen inneber at vi prioriterer kunst- og kulturuttrykk på nynorsk i retning av ein språkpolitisk ambisiøs visjon. Summen av det vi gjer, er med og påverkar biletet av kva nynorsk skriftkultur rommar, og kva nynorsk handlar om. Vi gjer det vi kan for å utvide bruksområdet for nynorsk.

3 Språk er den viktigaste infrastrukturen i samfunnet, formar kvardagen for alle og gjer oss til eit kvardagsmuseum. Vi skal vere der språkbrukarane og lesarane er.

4 Vi er ein av svært få kulturinstitusjonar i heile Norden som konsekvent arbeider med skriftkulturens perspektiv og for oss femner litteratur om både skjønnlitteratur og sakprosa. Musea våre arbeider under ein høgare himmel i form av vidare rammer enn det personane og sjangrane gir. Vi vekslar mellom munnleg og skriftleg litteratur, frå songlyrikk til journalistikk. Aasen-tunet arbeider med heile den nynorske skriftkulturen, Hauge-senteret og Vinje-senteret dekker både nynorsk og bokmål, og Allkunne utviklar ein nynorsk digital skriftkultur. Jamførande perspektiv skal no prege meir av det vi gjer.

5 Kvalitet i alle ledd skal vere kjennemerket for verksemd i vår regi. Likevel skal vi våge å prøve ut nye idear. Det er lov å feile og nødvendig å lære av feila.

6 Vi er det vi gjer, og det vi gjer, skal vere til nytte for andre. Vi vekslar mellom det kommersielle, populære og fagleg viktige. Vi arbeider systematisk med å nå ut til nye grupper. Ingen prosjekt er avslutta før dei er formidla og gjort kjende.

7 Vi vil vere ein kulturinstitusjon i dialog med mange land og kulturar. Ved å ha ei rolle internasjonalt blir vi viktigare både nasjonalt, regionalt og lokalt.

8 Vi er eit av få norske museum som eig fleire nettstader enn bygningar. Gjennom digitale tenester når vi ut til minst ti gonger fleire enn dei som gjestar arrangement og utstillingar.

9 For kvar krone ekstra vi får i offentlege tilskot, skaffar vi som regel ei krone sjølve. Auka offentlege tilskot er framleis ein nødvendig føresetnad for styrkt drift.

10 Vi styrkjer fellesfunksjonen, sikrar driftsgrunnlag for Jon Fosse-arkivet og avklarar vår rolle i Økland-huset i Sveio og i eit eventuelt museum i Lom.

11 Resultatmåla for institusjonen i 2021 er desse:

- Fire driftsavdelingar i Ørsta, Ulvik og Vinje med minst 23 fast tilsette
- Fri eigenkapital på 4,5 millionar og vedlikehaldsfond på ein million
- 8,0 millionar i marknadsinntekter, mot 6,7 millionar i 2016
- 7 000 000 gjester og brukarar i alt – mot 4,9 millionar i 2016
- 60 000 tekstdokument i Allkunne og på dei andre nettstadene

12 Gjestetala tel, men innhaldet avgjer. Den beste ideen er enno ikkje tenkt.

Mål for søkeradsåret

Hovedmål

Anna

Tittel/omtale av mål

Ny direktør tek til

Omtale av venta resultat i høve til målet

I 2018 skal Nynorsk kultursentrums tilsetje direktør for andre gong. Første gongen var i 1998. Institusjonen er veldriven, og dei administrative systema er gode. Den fremste resultatindikatoren for 2018 er at vi får den rette og beste personen til stillinga, og at den nye daglege leiaren får eit samla grep om institusjonen snarast råd.

Mål for søkeradsåret

Hovedmål

Forvalting

Tittel/omtale av mål

Jon Fosse-arkivet

Omtale av venta resultat i høve til målet

Jon Fosse fyller 60 år hausten 2019 og blir ein hovudperson også litterært ved at utgivinga av det store verket Septologien tek til. Verket kjem ut på mange språk samstundes og aktualiserer behovet for å kome vidare med Fosse-arkivet. Gjennom kontakt med relevante aktørar som Det Norske Samlaget, Det Norske Teatret og Nasjonalbiblioteket i 2018 legg vi grunnlaget for neste steg i 2019. Vi reknar med at arbeidet utløyer søkerader om midlar til drift frå 2020. Saka blir drøfta med Fosse i april 2018, og dette møtet legg grunnlaget for det vidare arbeidet med saka.

Mål for søkeradsåret

Hovedmål

Forvalting

Tittel/omtale av mål

Sonestyrt klimaanlegg i Olav H. Hauge-senteret

Omtale av venta resultat i høve til målet

Gjennom samarbeid med Hordaland fylkeskommune og Ulvik herad tek vi sikte på å kunne frigjere midlar som gjert det mogleg å finansiere eit sonestyrt klimaanlegg i Hauge-senteret. Etter full drift i fem år har dette behovet auka.

Mål for søkeradsåret

Hovedmål

Formidling

Tittel/omtale av mål

Langtidsplan for musea som reisemål 2019-2022

Omtale av venta resultat i høve til målet

I «Visjon og strategi 2018-2021» vedtok styret at ein første langtidsplan for musea som reisemål skal lagast i 2019. Målet er å auke eigeninntektene gjennom fleire gjester og hente ut meir av det potensialet avdelingane våre har som reisemål, ikkje minst med tanke på eigeninntekter.

Søknad - Mål og nye tiltak

Nye tiltak som føreset auka statleg driftstilskot (oversyn)

Prioritering	Namn på tiltaket	Søkt KUD
1	Vidare oppbygging av Vinje-senteret	1 500
2	Styrkt drift med utvida fellesfunksjon	700
3	Digital nynorsk	500

Registrering av nye tiltak som føreset auke i statleg driftstilskot

Namn på tiltaket	Vidare oppbygging av Vinje-senteret
Kostnadsoverslag i heile tusen	2 200

Finansieringskjelder	Søknadsbudsjett	2019
Eigenfinansiering		100
Kulturdepartementet		1 500
Norsk kulturråd		0
Fylkeskommune/ fylkeskommunar		500
Kommune/kommunar		100
Andre offentlege		0
Ikkje-offentleg finansiering		0

Grunngiving

Oppbygginga kom godt i gang med ei første løyving frå Stortinget i 2017. Denne blei vidareført, men ikkje auka i 2018. Ein medarbeidar nummer to tek etter planen til hausten 2018. Stortinget har for 2018 løyvt det statstilskotet til basisutstillinga som vi hadde søkt om, og Nynorsk kultursentrum har sett av ein vesentleg sum til dette prosjektet. Då må driftssida følgje med, og røynsla frå oppbygginga av Hauge-senteret er at vi først oppnår den mest effektive bruken av offentlege midlar med fire fast tilsette. Bygginga tek til hausten 2018, og det hastar å få på plass full stab.

Gjennomføring av tiltak ved omdisponering av disponible ressursar

Nynorsk kultursentrum har prioritert å bruke eigne midlar til delfinansiering av basisutstillinga, og styret sette av 600 000 til dette i rekneskapen for 2017.

Registrering av nye tiltak som føreset auke i statleg driftstilskot

Namn på tiltaket	Styrkt drift med utvida fellesfunksjon
Kostnadsoverslag i heile tusen	1 200

Finansieringskjelder	Søknadsbudsjett	2019
Eigenfinansiering	400	
Kulturdepartementet	700	
Norsk kulturråd	0	
Fylkeskommune/ fylkeskommunar	0	
Kommune/kommunar	100	
Andre offentlege	0	
Ikkje-offentleg finansiering	0	

Grunngiving

Nynorsk kultursentrums har drive så effektivt at etter år med sterkt vekst er organisasjonen kraftig underadministrert. Det bind ressursar som elles kunne ha vore brukte til kulturfagleg arbeid og publikumstenester. Ein generell auke set oss i stand til å utvide publikumstilbodet, det språk- og litteraturpolitiske arbeidet, styrke den administrative fellesfunksjonen og forbetra kommunikasjonsarbeidet - ingen prosjekt er avslutta før dei er formidla. Etter ein intern prosess er alt klart for ei omorganisering når den kan finansierast. Direktørstillinga blir delt i direktør og administrasjonssjef samstundes som vi bruker meir ressursar til kommunikasjon.

Gjennomføring av tiltak ved omdisponering av disponible ressursar

I tillegg til auka offentlege tilskot gjennomfører vi fleire tiltak. Gjennom Aksjon kostnadskutt i 2018 skal vi redusere kostnadene med 400 000. Slike tiltak gir størst effekt i veldrivne organisasjoner. Styrkt fellesfunksjon er også ein nødvendig føresetnad for optimal bruk av sama kunnskap og ressursar i alle avdelingane, medrekna det nye Vinje-senteret.

Registrering av nye tiltak som føreset auke i statleg driftstilskot

Namn på tiltaket	Digital nynorsk
Kostnadsoverslag i heile tusen	760

Finansieringskjelder	Søknadsbudsjett	2019
Eigenfinansiering		250
Kulturdepartementet		500
Norsk kulturråd		0
Fylkeskommune/ fylkeskommunar		0
Kommune/kommunar		0
Andre offentlege		0
Ikkje-offentleg finansiering		0

Grunngiving

Nynorsk kultursentrums er truleg det einaste museet i Det nasjonale museumsnettverket med fleire nettstader enn hus. For kvar fysiske gjest har vi kvar år minst 14 digitale brukarar, og i 2017 var talet 22. I 2017 kjøpte vi det framifrå domenet Nynorsk.no av Norsk Målungsdom for å leggje til rette for ombygginga av nettstadstrukturen vår og ei ny publiseringssplattform. Vi skifta til ny plattform i 2012, men alt året etter melde leverandøren at den løysinga ville bli fasa ut. I 2019 må vi bygge opp ein ny nettstadstruktur, investere i ny publiseringsløysing og samstundes utvikle mykje stoff på engelsk for utanlandske brukarar.

Gjenomføring av tiltak ved omdisponering av disponible ressursar

Vi veit at slike omleggingar inneber store kostnader i form av arbeidstid, og det er rekna inn i budsjettet.

Avslutting

Har institusjonen sendt separat søknad om investeringstilskot frå posten Nasjonale kulturygg for søknadsåret?

Ja

Nei

Kort omtale av kva det er søkt om

Eit ferdig forprosjekt i januar 2017 byggjer på prosjektplan for Vinje-senteret frå 2016. Riksantikvaren gav i 2017 dispensasjon frå kulturminnelova for tilbygget. Prosjektet er uendra, men er no indeksregulert i byggjesum. Vinje kommune vedtok i desember 2017 24 millionar i investeringsbudsjetta 2017–2019. Andre offentlege tilskot og private midlar blir trekt frå. Vinje kommune har søkt om 8 376 000, og vi viser til den søknaden. Stortinget løyvde i 2018 1,6 millionar til basisutstillinga.

Eg er kjent med at søknaden er offentleg.



Andre kommentarar til søknaden

Nynorsk kultursentrum er det største litteraturmuseet i Noreg, driv det einaste senteret for dikting og journalistikk i Noreg, det einaste senteret for lyrikk i mange former i Noreg, det einaste språkmuseet i Norden og det eldste språkmuseet i verda, og det einaste redigerte leksikonet på nynorsk. Rekna i inntekter er vi den tredje største nynorskinstitusjonen. Vi er den einaste institusjonen med museum i tre fylke, og ein av få aktørar som opnar nye museum i Noreg.

Fagleg, økonomisk og praktisk er det krevjande å drive ein nasjonal institusjon utanfor hovudstaden. Nynorsk kultursentrum er ein tydeleg tilhengjar av målretta samarbeid mellom institusjonar.

Gjennom «Språk- og kulturpolitisk perspektivmelding» til Kulturdepartementet hausten 2017 presenterte vi ein omfattande situasjonsanalyse og formulerte mange nye tiltak. Eit av emna var den digitale kvardagen, som er den største arenaen vår.

Oppdatert prosjektpresentasjon av Vinje-senteret blir ettersend separat.